



Riksantikvaren
Postboks 1483 Vika
0116 OSLO

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref: 24/7175 - 24/56358	Vår saksbehandlar: Arve Nytun -	Dato: 17.04.2024
----------------	-----------------	--------------------------------	------------------------------------	---------------------

Fråsegn til bevaringsstrategi for kystens kulturmiljøer

Riksantikvaren har sendt ut Bevaringsstrategi for kystens kulturmiljø på høyring med frist 2. mai. Strategien er forankra i siste Melding St. 16 (2019 – 2020) Nye mål i kulturminnepolitikken. For å oppnå dei nye måla er bevaringsstrategiar ein viktig reiskap for å strukturere arbeidet i åra framover, samt legge føringar for forvaltinga, bruk og prioritering av kulturmiljø. Møre og Romsdal fylkeskommune har tidlegare gitt generelle tilbakemeldingar til Riksantikvaren sitt arbeid med bevaringsstrategiar, og har mellom anna vist til:

Fylkeskommunedirektøren støtter tanken om eit større mangfold i tilnærminga og vekklegginga av samarbeid og samordning. Å sjå samanhengar mellom kulturmiljøområdet og andre fagområde eller interesser, er viktig i ei heilskapleg og berekraftig tilnærming til samfunnsutviklinga.

Fylkeskommunen er ein stor samfunnsutviklar med mange oppgåver og er ein organisasjon som ivaretar samordninga og samarbeid mellom ei rekke fagfelt og interesser i fylket. Vi har regional plan med handlingsprogram som er eit eigna verktøy for å samordne innsatsen i fylket og ein organisering som er godt egna. Fylkeskommunedirektøren ser fram til å få dei tematiske bevaringsstrategiane på høyring.

Riksantikvaren ber no om tilbakemeldingar på utkast til bevaringsstrategi for kystens kulturminne. Bevaringsstrategien er delt opp i to hovuddelar. Del 1 er ein generell del knytt til bakgrunn for strategien, overordna føringar, strategiprosess og medverknad, overordna utfordringar og moglegheiter, avgrensing, samt roller og ansvar på ulike nivå i forvaltinga. Innsatsområde vert også presentert, med fokus på bevaring og ombruk, kunnskap og kompetanse, oppleveling og engasjement, urfolk og nasjonale minoritetar. Dette er gode tema

som Møre og Romsdal fylkeskommune vil seie seg samde i som viktige innsatsområde i bevaringsstrategien for kystens kulturminne.

Målet med bevaringsstrategiar er å samle forvaltinga om felles strategi og målsettingar som skal ta i vare kystens kulturmiljø, med alle dei variasjonar og sær preg som er knytt til den lage kyststripa i landet. Dette er viktig at kjem godt fram i programmet. Spesielt viktig er det å rette eit fokus mot kulturminnekategoriar som ein har lite kjennskap til, enten fordi det i liten grad har blitt søkt etter, eller att ein manglar empiri eller kunnskap til dei. Det er også viktig at strategien vert so vid at den treff heile kyste med sine variasjonar, og ikkje berre representerer enkelte regionar.

Tre deltema i strategien

Del 2 av strategien fokuserer på tematikk og har tre eigne deltema som famnar breitt. I denne høyingsrunden finn vi det likevel legitimt å stille spørsmål ved om desse deltemaa kan famne dei regionale skilnadene enno betre om dei vert revidere og strukturert med deltema 1 som hovudoverskrift. Vi tenker slik fordi «Sjøvegen» eller Leia er det overordna primærelementet som *først* strukturerte alle former for aktivitet og busetnad langs kysten. Alle vegsystem har sidan søkt å orientere seg i høve korleis bygder, fiskevær og byar geografisk vart strukturerte på grunn av Sjøvegen («Riksveg 1»). Vi trur at med litt omarbeidning av disposisjonen av deltema så vil ei slik organisering kunne fange opp dei regionale skilnadene, på ein meir tilforlateleg måte, under dette hovudtemaet.

I følgje Riksantikvaren skal disse deltema ligge til grunn for eit potensiale for ny bruk av kulturmiljø, samt reiselivs- og næringsutvikling. Formidlingspotensiale er også veklagt. Derfor er det viktig at deltema gir rom for lokale og regionale variasjonar.

Bevaringsstrategien har 3 deltema som er områder innanfor det omfattande kulturhistoriske temaet kystens kulturmiljø: *Deltema 1: Sjøvegen*, *Deltema 2: Naustet – der vi går i land*, *Deltema 3: Ferie og friluftsliv langs kysten*. På eit generelt grunnlag er dette viktige tema, men fylkeskommunen ønsker ei større breidd i korleis ein omtalar disse deltema, samt kanskje legge til eit deltema knytt til næring.

I utgangspunktet synest fylkeskommunen at deltema er interessante og fungerer bra. Likevel har vil vi foreslå ei litt breiare tilnærming. Sjøvegar og farleier på sjøen vil til dømes gi meir breidd for deltema.

Innan for det arkeologiske fagfeltet veit vi at det har vore mykje næring knytt til sjøen. Kulturminne knytt til denne kategorien er viktig å få meir kunnskap om, og bør nemnast i bevaringsstrategien. Vi vil rå til eit eige deltema knytt til **maritime næringar** som har vore veldig viktige langs kysten, både i fjorden og ytterkysten. Eksempel på dette kan vere alle former for fiske og fangst, saltkokingsanlegg, trandamperi, seloljeutvinning, tang/tare brenning osv.

Deltema sjøvegen

Sjøvegar og farleier langs Mørekysten var avgjerande for all kommunikasjon før bilar og annan landstransport tok over som framkomstmiddel i Noreg. Kysten var hovudvegen, og båten var heilt sentral i livet langs både ytterkysten men også inne i fjorden. Den gjorde det mogeleg for at folk busette seg på ulike stadar langs kystlinja, der dei skapte sitt livsgrunnlag, både i eldre tid og heilt fram til i dag. Sjøvegane er sentrale og har skapt grunnlag for busettingar og næring

Fyrleia og alle dei 35 fyrstasjonane i fylket er også sentrale for å forstå «sjøvegen» som også del av ei led med alle fyrstasjonane i resten av landet. Mange av fyra i landet er reist av arbeidrarar frå Dalsfjorden i Volda. Fyrstasjonane skulle gjere det trygt for sjømenn å ferdast i farlege kyststrøk. Desse er verdifulle kulturminne som i dag mest er knytt til ferie eller turisme. Det er viktig å presisere at sjøvegen ikkje berre er hovudleia, men at den må knytast opp i mot både regionale og lokale ferdselsvegar. Derfor vil omgrepene **Sjøvegar og farleier** vere eit godt namn på deltema 1.

Deltema Naustet – der vi går i land

Langs kysten vår finst det regionale skilnader i måten ein tradisjonelt har gått i land. I Møre og Romsdal gir det til dømes meining å snakke om *naust og landingsplassar*. I fylket vårt har vorren vore ein viktig landingsplass. Den har fungert som landingsplass også på stadar der det ikkje stod naust eller sjøhus. I Møre og Romsdal har Statens vegvesen i 1976 til og med gjeve ut ei eiga registrering av offentlege landingsvorrar i fylket.

Naustet er sentral som landingsplass for både små og store båtar, men det er også eit område for aktivitetar knytt til næring, møteplassar, oppbevaring osv. Båten er også sentral, og kanskje burde deltemaet heite «Naustet og båten». Det er stadar der ein går i land: der ein ikkje har naust, det kan vere kaianlegg, hamner og ved vorar. Dette er område som heng tett opp mot kystnæringa, men også offentleg administrasjon. Eit eksempel på dette kan vere leidangsnausta. Sentrale hamner som vaks fram, mellom anna i byane våre, samt fiskeværa våre er viktige kulturmiljø i Møre og Romsdal. Fiskeværa og uthamner som folk frå fjordane nytta under bestemte årstider og aktivitetar er særskilt viktige. I Møre og Romsdal har vi mange uthamner. Dette gjeld ikkje berre Agderfylka, og omgrepene må definerast tydeleg.

Dersom poenget med temaet “Uthavn” er **internasjonal handelsverksemد med Europa**, kan dette også famne om klippfiskindustrien. Møre og Romsdal har hatt mykje handel med Portugal, Spania mm som la grunnlaget for økonomisk vekst og etablering av stadar i fylket. Dersom internasjonal handel og Norge i Europa er grunntanken, så bør det utvidast og famne om uthamnene på Nordvestlandet.

Deltema ferie og fritid langs kysten

I forhold til deltema tre kjenner framstår kategorien som meir relevant i andre delar av landet, enn i Møre og Romsdal. Vi meiner denne tematikken bør få eit breiare nedslagsfelt, og sørge for at ein større del av kysten vert inkludert. Når det gjeld ferie og fritid langs kysten, vil dei gamle fyrstasjonane, som ein finn langs heile norskekysten vere eit godt døme på korleis eldre bustadhus knytt til eit bestemt virke, i dag nyttast av mellom anna turistforeininga som turist og feriemål.

I Møre og Romsdal har vi likevel nokre hotell som har vore viktige for den «tidlege» turisten samt for ferierande. Øye Hotell i Norangsfjorden er døme på eit slikt hotell. Desse hotella var også viktige for dei mange fjellgåarane, spesielt på Sunnmøre. Dette var pionerar i tindebestiging, og har gitt namn til mange alpine fjelltoppar som går frå fjord til fjell. Båttransport og den tidlege cruisenæringa vil vere relevant under denne kategorien og bør nemnast. Det har m.a. gått cruisskip inn i Geirangerfjorden i 100 år. Det er svært få verna eller freda fartøy knytt til fritid. Strategien bør kunne bidra til ei meir representativ verneliste. Strategien vil kunne bidra til eit meir representativ verneliste, då vi har ein god del fritidsbåtar og ein verftsindustri.

Forslag om nytt eit fjerde deltema

Riksantikvaren har lagt inn eit godt arbeid i strategien, men vi vil rå til at våre tilbakemeldingar vert vurdert nøyne, og spesielt forslaget om å legge til eit fjerde deltema: Nærings. Dette vil vere viktig for å få med kulturminne knytt til dei viktigaste kulturminna langs kysten, samt fokusere på nye eller ukjente kulturminne for framtida.

Med helsing

Hilde Arna Tokle Yri
konst. seksjonsleiar

Arve Nytun
rådgivar/arkeolog

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur